

SOLUND BIBLIOTEK - Kontrakt for meirope

Denne kontrakten gir deg som er over 15 år, tilgang til Solund bibliotek i det nye skulebygget på Hardbakke utanom betjent opningstid alle dagar mellom kl. 08.00 – 22.00

Som brukar av meirope bibliotek, pliktar du deg til:

- Å følgja biblioteket sine lånereglar (sjå baksida)
- Å ta ansvar for mindreårige og andre personar som du har med deg i biblioteket.
- Å ikkje «tjuvlåne» dvs. låne utan registrering og å låne på andre sitt kort
- Å rydda opp etter deg/dykk, hjelp dei mindre med opprydding av leikar, kast avfall, set bord, stola og andre ting som er blitt flytta på, på plass. Les og følg skilting mm. La det sjå ut etter deg/dykk slik du ønskjer å finne lokalet.
- Å ikkje vera til bry for andre og ta omsyn til evt. studerande.
- Å betale for det som kosta pengar, som drikke og stoffposa
- Å forlata lokalet når du får beskjed om at biblioteket stengjer

Brot på desse reglane kan føre til å du mister retten til å bruke meirope bibliotek

Vi informera om at:

- Lokalet er kameraovervaka
- Opphald på meirope bibliotek skjer på eige ansvar
- Handsame materialet, møblement og utstyr pent. Hærverk vil verta meldt til politiet
- I meiropetida kan det vere forskjellige aktivitetar her, som for eksempel møter og arrangement. Ber om at det blir teke omsyn til det. Likeins reingjeringspersonale
- Likeins kan det vere nokon som studera her, dei skal opphalde seg i den «stille sonen» dvs. frå det runde studiebordet i dei bua reolane fram til skranken. Sit det folk som studera her ber vi om at ein tek omsyn til desse.
- Er det problema med å registrere lån på automaten og heller ikkje personale tilstades, skriv opp namn og låna dine i boka/hefte som ligg i hentehylla for skulen.

Det kan vera personale i biblioteket i delar av tida når biblioteket er meirope. Treng du hjelp i den ubetjente tida kan du banke på kontordøra eller ringe tlf. 41558672.

Brannalarm: Gå ut gjennom biblioteket sine nødutgangsdører. Får du ikkje opna døra med hjelp av den grå knappen, finn du ein nødnøkkel i ein grønlysande boks over. Brannvesenet vil bli automatisk varsla når brannalarmen går.

Dersom det oppstår brann i lokalet utan at brannalarmen går, forlet du/de lokalet og ring **110**. Dersom andre problem i lokalet ringe du **teknisk vakttelefon 459 70 471**

Eg har lese kontrakten og akseptera vilkåra.

Dato:

Fødselsdato:

Namn (med blokkbokstavar):

Signatur:

Meir info på neste side



Korleis nytte meirope bibliotek?

Du kjem deg inn på biblioteket ved å skanne lånekortet ditt i underkant av kodebrette/innloggingspanelet ved inngangsdøra og deretter taste pinkode. Ta kontakt med biblioteket dersom du mangla pinkode. Døra låse seg når du/de har gått inn.

Ein kjem seg ut igjen med å trykke på den grå knappen ved inngangsdøra.

Ein anbefala å ha lånekortet på mobilen. Det får ein ved hjelp av BiblioFil-appen.

Kva kan ein gjere på meirope bibliotek?

Du kan stort sett gjere det same som i betjent bibliotek, men der er ikkje personale til å hjelpe deg med utlån og å finne bøker. Du må difor bruke utlånsautomaten ved utlån og innlevering. På utlånsautomaten kan ein òg søke etter bøker. NB! Mange av bøkene der har hylleplassering etter systemet på gamlebiblioteket, som ikkje gjeld her, dette gjeld spesielt barne- og ungdomsbøkene. Ein kan òg søke etter bøker i BiblioFil-appen. Ein skal prøve å skilte så godt som råd slik at de kan finne bøkene utan hjelp. Bøker du ikkje finn kan du bestille via BiblioFil-appen, skrive i boka som vil ligge i ei hylle ved sida av automaten eller bestille via e-post. Bøker som har plassering «magasinet» finn du ikkje her og må bestillast. Automaten er sjølvforklarande og lett å bruke. Bøker som står på hentehyller er ferdig skanna og klare til å ta med seg, dei er oftast merka med initialar.

Lånereglar:

Det er gratis å låne frå biblioteket sine samlinga.

- Ein får gratis lånekort på biblioteket, ukjente må vise legitimasjon. Barn under skulealder må bruke føresette sitt lånekort. Tap av lånekort må meldast til biblioteket slik at vi får sletta det. Nytt kort kosta kr. 20,- Sjå meir om lånekort nedanfor.
- Lånekortet er personleg og skal ikkje brukast av andre.
- Lånetida er vanlegvis 8 veker eller 2 månadar. Nyare og etterspurd materiale kan ha kortare lånetid som 1 månad eller 14 dagar.
- Det kan vere materiale som ikkje er til utlån, men berre å lese eller sjå i biblioteket sitt lokale. Desse skal vere merka med «ikkje til utlån»
- Lånt materiale kan fornyast inntil 3 gonger, via nettsider, app, ringe eller sende epost til bibliotek@solund.kommune.no
- Vedr. purring: Du vil få eit varsel eit par dagar før innleveringstida, den tida kan du nytte til å evt. fornye lånet.
- Dersom ikkje lånet blir fornya eller innlevert vil det bli sendt ut purring.
Purregebyrsatsen er slik:
 1. purring kr 0,- pr. bok/materiale
 2. purring Kr 10,- pr. bok/materiale
 3. purring Kr 20,- pr. bok/materiale

Etter 3. purring vil det bli sendt ut erstatningskrav etter anslått verdi av boka/materialet, men minimum kr. 300,- pr. bok/materiale.

Ein vil vanlegvis ikkje krevje purregebyr av barn under 15 år, men det kan bli sendt erstatningskrav til føresette.

Brot på lånereglane kan føre til tap av låneretten.